

# Fortel om Rasmus Løland

Suldalsforteljar legg vekt på ukjente tekstar.

■ VIDAR ELIASSEN

Komande fredag vert det forteljarstund i kinosalen. Den suldalsbaserte forteljaren Anne Elisebeth Skogen skal presentere forfattarskapen til Rasmus Løland. Framsyninga tek utgangspunkt i våren og sommaren 1870 då han var ni år gammal, og vekslar mellom opplevingane og tekstane han skrev og kor-

leis han sjølv opplevde desse tekstane. Sjølv om forfattaren skreiv atskilleg fleire bøker for vaksne enn han gjorde for barn er det primært barnelitteraturen som kjem til å få mest merksemd i kinosalen.

## Blanding

Enkelte meiner kanskje at ein har høyrt nok om Rasmus Løland etter fem år med Lølandmarkering.

**I nokre sekvensar går eg ut av forteljarolla og kommenterer.**

Anne Elisebeth Skogen er ikkje einig.

– Han har skrive mykje spennande litteratur som ikkje har fått så mykje merksemd gjennom markeringa. Særleg det han skrev etter utanlandsopphaldet i Alpane er spennande, seier ho.

Framsyninga vert ein blanding av biografisk presentasjon og forteljing.

– I hovudsak vil eg fungere som forteljar, men i nokre sekvensar går eg ut av forteljarolla og kommenterer. Dette vert gjort på ein tydeleg måte slik at det ikkje er til å misforstå, presiserer Skogen.

## God kjennskap

Ho vil mellom anna snakka litt om kva som gjorde Løland til ein så knakande god skribent.

– Han vart faktisk rettleia av Arne Garborg, og var derfor i gode hender, opplyser Skogen, som sjølv er gift med biografen til Rasmus

Løland, Ernst B. Drange, og har i så måte solid informasjon om den vidgjetne ryfylkeforfattaren.

## Gamal og ung

Den rutinerte forteljaren er oppteken av å levandegjere stoffet og strebar etter å framføre det med entusiasme.

– Dette er ikkje snakk om opplesing, men forteljing, slår Anne Elisebeth Skogen ettertrykkeleg fast.

Det er Sauda folkebibliotek som er arrangør for forteljarstunda. Biblioteksjef Ingunn Kalvik meiner at framsyninga høver for både gammal og ung.

– Alle elevane på mellomtrinnet, altså 5., 6. og 7. klasse, er invitert. Resten av plassane er for vaksne som har lyst til å kome, påpeikar biblioteksjefen.

[vidar@ryfylke.net](mailto:vidar@ryfylke.net)

**FORVENTNINGSFULL:** Anne Elisebeth Skogen ser fram til å fortelje om forfattaren Rasmus Løland sitt liv og virke i kinosalen fredag. (Foto: Privat)

